

Postmottaket

Fra: Olav Vehus [olav.vehus@amli.kommune.no]
Sendt: 8. desember 2003 15:09
Til: Postmottaket
Emne: Saksnr.2003 02997 - Åmli kommunes uttale.



6029030.DOC

Vedlagt saksutgreiing og høyringsuttale, jfr. høyringsbrev dat. 28.10.03
frå Åmli kommune.

Med helsing

Olav Vehus
skogbrukssjef

2003 2997 50

ASR/bs

TIN

486



ÅMLI KOMMUNE - SAKSUTGREIING

Saksbehandlar:	Olav Vehus	Arkivsaksnr.:	03/01637
Sektor:	Plan- og næringsavdelinga	Arkivkode:	V10

Utv.	Saksnr.:	Utval:	Møtedato:
K	03/160	Kommunestyret	27.11.03

FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUK - HØYRING.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 27.11.03:

Kommunen vil gje følgjande uttale til forskrift om til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

Forskrifta må vere eit hjelpemiddel og verktøy for å stimulere tiltak som primært fremjar produksjon. Det vil bidra til levande bygder og lokal verdiskaping basert på langsiktig og forsvarleg resursforvaltning.

Andre tiltak innanfor forskriftas virkeområde må kome som eit tillegg og ikkje erstatning for tiltak som er nemnt i første avsnitt.

Kommunen ønsker ei innretning på tiltaka meir i samsvar med hovedmåla, og eit større lokalt handlingsrom innanfor dei skisserte grensene.

Nedre grense for å kunne motta tilskot må vurderast på nytt.

Tilskot til skjøtsel av kantsoner langs vatn, vassdrag og dyrka mark og kantsoner sett att i samband med hogst bør fjernast.

Tilskot til ungskogtynning og stammekvisting må baserast på effekt for bestandsutvikling og kvalitetsproduksjon, ikkje på driftsresultatet for tiltaket.

Det bør vere åpning for tilskot til veganlegg som påverkar utbreiinga av villmarksprega område. Som ein motpost bør det ikkje stimulerast til haustingsprega skogbruk, der vegbygging ikkje blir innvilga.

Grensa for maks. andel av samla tilskot som kan nyttast til vegar må fjernast.

Tilskot til vederlag for ikkje-hogst må gåast gjennom på nytt og sjåast i samanheng med friviljug barskogvern.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng bør haldast åpen.

For nærare grunngjeving for dei ulike tiltaka viser kommunen til saksutgreiinga.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 27.11.03:

Framlegg frå Tormod Askland:

Rådmannen si tilråding med følgjande endring av 6. avsnitt:

Tiklskot til ungskogtynning og stammekvisting må baserast...

Avrøysting:

Ved alternativ votering vart framlegget frå Tormod Askland samrøystes vedteke.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunen vil gje følgjande uttale til forskrift om til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

Forskrifta må vere eit hjelpemiddel og verktøy for å stimulere tiltak som primært fremjar produksjon. Det vil bidra til levande bygder og lokal verdiskaping basert på langsiktig og forsvarleg resursforvaltning.

Andre tiltak innanfor forskriftas virkeområde må kome som eit tillegg og ikkje erstatning for tiltak som er nemnt i første avsnitt.

Kommunen ønsker ei innretning på tiltaka meir i samsvar med hovedmåla, og eit større lokalt handlingsrom innanfor dei skisserte grensene.

Nedre grense for å kunne motta tilskot må vurderast på nytt.

Tilskot til skjøtsel av kantsoner langs vatn, vassdrag og dyrka mark og kantsoner sett att i samband med hogst bør fjernast.

Tilskot til ungskogtynning må baserast på effekt for bestandsutvikling og kvalitetsproduksjon, ikkje på driftsresultatet for tiltaket.

Det bør vere åpning for tilskot til veganlegg som påverkar utbreiinga av villmarksprega område. Som ein motpost bør det ikkje stimulerast til haustingsprega skogbruk, der vegbygging ikkje blir innvilga.

Grensa for maks. andel av samla tilskot som kan nyttast til vegar må fjernast.

Tilskot til vederlag for ikkje-hogst må gåast gjennom på nytt og sjåast i samanheng med friviljug barskogvern.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng bør haldast åpen.

For nærare grunngjeving for dei ulike tiltaka viser kommunen til saksutgreiinga.

SAKSVEDLEGG:

- 1 Høyringsbrev dat. 28.10.03
- 2 Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket - utkast.
- 3 Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket – utkast.

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Ingen

KORT OM SAKA:

Frå og med 2004 vil kvar kommune få tildelt ei samla tilskotsramme frå Fylkesmannen. Midla vil kunne nyttast til spesielle miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruk og skogbruksplanlegging.

Dei årlege rammene vil bli fastsett ut frå fleirårige tilskotsstrategiar kommunane utarbeider og på bakgrunn av oppnådde resultat.

Som ei følge av dette er det laga utkast til 2 forskrifter, jfr. saksvedlegg. Dei vil erstatte ei rad forskrifter og rundskriv som ligg til grunn for gjeldande tilskotsforvaltning.

Fram til nå har fylkesmannens landbruksavdeling disponert midla til ulike føremål for alle kommunane samla, og fordelt dei ut frå aktivitet og oppnådde resultat.

Slik ordninga har fungert til nå, har det vore høve til å overføre midlar mellom nokre føremål, men det gjeld ikkje alle.

Etter omlegginga er det tenkt at visse avgrensingar skal leggjast inn frå sentralt hald når det gjeld bruk av midla, men at det også skal vere stor grad av lokalt sjølvstyre når det gjeld prioritering mellom ulike tiltak.

Uttalen skal sendast Landbruksdepartementet, og fristen er sett til 11. desember 2003.

Merknader/vurdering:

Kommuneplanen sine føringar for saka: Hovudmål arbeidsplassar:

Sikre eksisterande arbeidsplassar og skape grunnlag for utvikling av fleire nye, varierte arbeidsplassar i forhold til heiltid deltids plassar, og varierte i forhold til tenesteyting, service og produksjon

Det skal godt gjerast å etablere ei ordning for forvaltning og tildeling av tilskot som kan konkurrere med den som gjeld for tida. Ordninga er prega av god flyt og for skogbruket sin del resultatorientert. For Aust-Agder sin del, der det i ei lang årrekke har vore satsa målretta og langsiktig i forståing og samarbeid med næringsorganisasjonane, har det gjeve ein aktivitet og utteljing langt over gjennomsnittet sett i høve til ressursgrunnlaget. Dette kan dokumenterast. Innan fylket har aktiviteten variert mellom kommunar og/eller over tid. Derfor har det vore viktig at fylket har disponert midla samla, slik at dei har blitt styrt dit det har vore behov for dei.

Når det er avgjort at prioritering av tiltak og bruk av midlar i stor grad skal styrast lokalt, er det viktig at avgrensingane som blir lagt inn frå sentralt hald fremjar langsiktig og forsvarleg forvaltning av ressursane.

Til sjølve forslaget:

Når tilskot til skogbruksplanlegging er halde utanfor det kommunane skal disponere, hadde det vore naturleg å dele resten av midlane i 2 hovudgrupper:

1. Føremål som fremjar produksjon.
2. Føremål som ikkje fremjar produksjon.

Siktemålet med dette er å kunne måle effekten av innsatsen direkte, i det minste innanfor dei områda ein er i stand til å måle effekten.

Forslag til endringar:

§ 1-2. Virkeområde. For tida skjer det ei endring av arealgrenser når det gjeld konsesjonsplikt og odlingsjord. Føringar frå sentralt politisk nivå går på at ein større del av verkemidla skal rettast inn mot dei som satsar aktivt innan landbruk. Ut frå dette verkar det underleg at arealkrava evt. andre nedre grenser for å kunne motta tilskot ikkje ein gong blir drøfta.

Ein har ikkje konkret forslag til kva som i tilfelle bør gjelde.

§2-1. Tilskot til skogkultur.

Dersom det skal ytast tilskot til kantsoner langs vatn, vassdrag og mot dyrka mark, bør det haldast utanom føremål som fremjar produksjon. Slike område har sjeldan bestandspreg. Dessutan skifter måla for utnytting av slike område altfor raskt til at ein kan satse langsiktig. I stikkordsform har bruken dei siste 30 åra av ein del av desse areala skifta slik:

1. Etter opptrappinga på 70-talet vart oppdyrking stimulert.
2. Sist på 80- og tidleg på 90-talet skulle innmark som var gått ut a v produksjon plantast til.
3. For eit år sidan hadde alle oppdaga at kulturlandskapet var i ferd med å gro att. Oppskrifta var å rydde.
4. Nå skal det drivast skjøtsel av skog i dei same områda.

Andre kantsoner (delar av bestand) blir sett att i samsvar med "Levande Skog"-standarden. Standarden er under revisjon. Dei som står bak standarden, er usamde i kva som ligg til grunn, om sonene har ei biologisk og/eller estetisk effekt, om dei skal ligge urørte eller kan hoggast når bestandet har nådd ei viss høgde. Skogeigarsida syner til retningslinene, der det går fram at "økonomisk viktige tre" kan hentast ut frå kantsonene.

Med knapp tilgang på midlar, må det vere feil prioritering å stimulere til pleie av skog på areal som har manglande eller svakt bestandspreg, eventuelt vore utsett for haustingsprega skogbruk.

Tynning.

Etter forslaget skal det ikkje kunne ytast tilskot til tiltak som ved uttak av virke gjev overskot.

Innretninga blir heilt feil, og vil ikkje fremje bestandsutvikling med vekt på kvalitetsproduksjon.

Dei som har utbygd vegnett og /eller gjennomført ungskogpleie vil kome betre ut enn dei som har unnlatt å gjere noko. Det blir ei kunstig vridning bort frå dei bestanda der tilhøve ligg best til rette for virkesproduksjon med vekt på kvalitet. Kort sagt bryt ein med alt grunnleggande som gjeld ved prioritering av skogkultur.

Det vil sjeldan eller aldri vere eit spørsmål om å velje mellom ungskogpleie og tynning for å få fram høg andel kvalitetstømmer. Begge tiltaka er nødvendige.

Ordninga bør i staden utformast slik at det blir ytt ein sats pr. daa for areal som blir tynna, gjerne med ei øvre grense pr. m3 virke som blir tatt ut.

Det er elles positivt at alle driftsformer og val av utstyr er likestilt, med unntak av hestedrift, der det er åpna for å gje tillegg. Viktigast er at skiljet mellom maskinell og motormanuell hogst er fjerna når det gjeld tildeling av tilskot.

§3-1. Tilskot til vegbygging.

Sjølv om Åmli kommune ikkje har villmarksprega område, finn ein det rett å seie frå om det som er føreslått når det gjeld tilskot til vegbygging. Ein reduksjon i villmarksprega område vil i realiteten innebere avslag på tilskot også til bygging i vegnære område.

Veganlegg som fører til reduksjon av villmarksprega område er eit av momenta som blir vurdert i samband med behandling av søknad om godkjenning av vegplan. Konsekvensane av vegbygging i buffersona kring villmarksprega område vil avhenge av anleggets omfang, retning og storleik/utforming på det villmarksprega området. Det bør derfor vere åpning for at nokre godkjente tiltak skal kunne motta tilskot. Gevinsten i dette sett frå miljøhald vil vere at terskelen for kva som skal kunne godkjennast av anlegg i slike buffersoner vil bli heva.

Ei anna effekt bør vere at §4-2 3. avsnitt i forslaget gå ut. Det er inga fullgod erstatning å dekke meirkostnadene ved drift for å unngå vegbygging. Adkomsten blir dårlegare; noko som blir merkbar ikkje minst ved etablering og stell av ny skoggenerasjon. Skogbruket blir meir haustingsprega. Det er ikkje i samsvar med langsiktig og forsvarleg forvaltning.

§ 4. Tilskot til miljøtiltak

Føremålet fremjar i praksis ikkje produksjon. Om andre skulle hevde det, ber ein om konkrete døme.

Bevaring av spesielle biotopar og vederlag for å avstå frå hogst er ikkje eit aktivt tiltak. Derfor bør det førast under eit anna avsnitt og sjåast i samanheng med samfunnets kostnader ved å ta vare på og verne skog, jfr. det som er nemnt i innleiinga.

Vederlagsordninga for ikkje-hogst må gjerast meir nøytral i høve til eigedommane som får slike område utlagt på eigedommane sine. Alle må bidra med ein lik andel (tilsvarande 1% av produktivt skogareal). Bandlegging ut over dette må samfunnet dekke. Eigenandelen og taket må bort. Bandlegging tilsvarende ein samla verdi – eigenandel under 5000 kr, bør ein ikkje operere med. Skulle det likevel finnast små, spesielt verdifulle område som vert rekna ut til mindre enn 5000 kr, må det vere høve til å gjere avtale for dei. Men då skal vederlaget vere 5000 kr.

Ideelt sett skulle tilskotssatsen variert med tilvekst, verdiauke evt. verdiforringing i perioden. Blir forringinga sterk, skulle slakteverdi vore lagt til grunn.

Ei omlegging som skissert ville ha gjort utvalet av verdifulle biotopar uavhengig av eigdomsstorleik og verneomfang. Ordninga ville blitt meir målretta og fanga opp område som er viktige å ta vare på.

Forsøka som blir gjort med å oppnå friviljuge avtaler kring vern av skog, og som tek utgangspunkt i MiS-registreringane, bør kunne samordnast med utveljinga av MiS-område.

Innstillinga frå Stortingets energi- og miljøkomite til stortingsmeldinga om "Rikets miljøtilstand" støttar opp kring hovedstrategien Norges Skogeierforbund har valt (friviljug vern).

Tilskot til taubanedrift.

Ressursoversikt på landsplan og regionvis syner at andelen eldre skog i vanskeleg terreng aukar. Dersom det ligg alvor bak ønsket om å stimulere lokal verdiskaping, gjev det lita meining å fjerne ei ordning som denne. Eit nett av viktige adkomst- og basvegar kombinert med bruk av taubane vil erstatte enkle driftsvegar. Slik kan omfattande erosjonsskader og sterkt eksponerte vegar unngåast.

Opsummering:

Med dei forslaga til endringar som er nemnt, vil virkemidla bli meir målretta. For dei tiltaka som fremjar produksjon vil ein unngå at det blir stilt sterkt kritiske spørsmål til effekt ulike tiltak kan ha.

Innanfor rammene som ein blir ståande att med, bør kvar kommune i forståing med fylkesmannen kunne disponere midla utan sterke bindingar frå sentralt hald.

I denne samanheng vil ein spesielt nemne avgrensinga som ligg i at ikkje over 50 % av midla kan nyttast til vegføremål. Ei slik avgrensing bør fjernast. I Aust-Agder er anleggskostnadene for veganlegg høge, og furudominans gjer at etableringa av forynging kan skje til lågare kostnader enn andre stader om ein gjer rette val.

Tiltak som ikkje fremjar produksjon må kome som eit tillegg og ikkje gå ut over midla som går til slike føremål. Det vil i så fall svekke grunnlaget for lokal verdiskaping, arbeidsplassar og busetjing og kollidere med målsetjinga om langsiktig og forsvarleg ressursforvaltning.

I ei tid med tronge rammer for tildeling av tilskot, blir det feil bruk å satse på tilskot til skjøtsel av kantsoner, skog kring kulturminne og tilrettelegging for friluftsliv. I det heile gjeld det alle føremål der målet med tiltaket primært er eit anna enn å fremje skogproduksjon.

I all forvaltning av skog vil og skal omsyn til friluftsliv, landskapsbilde og livsmiljø for planter og dyr takast inn i den grad det er naturleg, jfr. føremålsparagrafen i skogbrukslova.

Vidare vil det vere meir ryddig å knyte verkemidla opp mot kvart enkelt tiltak dei er meint å fremje. Ressursbruken blir synleggjort.